

Du har ettersøksplikt og skal...

- sjå på alle skot mot dyr som treff.
- dersom dyret ikkje fell etter påskyting, vurderer situasjonen nøye og ta det med ro.
- merka deg staden du skaut frå og kvar dyret stod.
- undersøka skotstad og sjå etter sporsteikn.
- dersom undersøkinga på skotstaden ikkje visar teikn til treff, skal jegeren likevel følgja etter dyret/flokken i rimeleg strekning for å forvissa seg om dyrets tilstand.
- ikkje starta jakt på nye dyr før ettersøket er avslutta.
- dersom pliktig ettersøk etter skadd dyr er utan resultat, varsla jaktrettshavar og kommunen eller næraste politi (evt. ta kontakt med oppsyn i området).

Forskrift om utøvelse av jakt og fangst § 27

Dersom du oppdagar skadd eller sjuk rein

Ein kvar jeger som observerer eit skadd eller synleg sjukt dyr, skal så snart som råd melde frå om situasjonen til oppsynet. Dette gjeld og funn av døde dyr. Nóter koordinatar og ta bilde.

Er dyret skadd, må du vurdere om det skal avlivast for å hindra unødig lidning. Dersom du har fellingsløyve på tilsvarande dyr, må du straks ta stilling til om dyret skal takast på din eigen kvote. Dersom ikkje, må du straks gjera opp dyret slik at kjøtet tek minst mogeleg skade. Ta kontakt med kommune og valdansvarleg (evt. oppsynet i området), og ikkje transportera slikt kjøt før løyve er gjeve.

Forskrift om utøvelse av jakt og fangst § 28

Setesdal Ryfylke Villreinlag (SRV) informerar:

Vi oppmodar til kunnskapsinnhenting på nettsida www.villreinlag.no. Her er nyttig info, møtereferater og oppdatert kunnskap samla. Oppmodar også til aktiv bruk av facebookgruppa: **Setesdal Ryfylke Villreinlag** (åpen gruppe). Mellom anna kan ein utveksle info om kor dyra står under jakta, gode toppar å spelele frå, sal av kort, bilete frå jakt, innspel til forvaltninga m.m.

Leiar: Kristian Eiken Olsen: 905 33 793.

Sekretær: Svein Olav Stegarud: 411 01 527.

Resten av styret: Arve Aasemoen (Sirdal), Kristian Steine (Suldal), Sondov Bjåen (Vinje Vest), Knut Nomeland (Valle), Fast vara: Øivin Robberstad (Hjelmeland). Sjå soneinndeling på nettsida.

Bestandsplan 2014-2018: Målsetting om 3500 vinterdyr (2000 i nordområdet, 1500 i sørområdet). Meir informasjon på www.villreinlag.no.

Avskytingsplan 2016: Sidan vi no har forskjellig mål for bestandsutviklinga nord og sør for Blåsjø må vi halde fram med to ulike minsteareal. I sør ønskjer ein fortsatt bestandsvekst og minstearealet reduserast moderat til 3,0 km² (4,0 i fjor). I nord ønskjer vi å redusere bestanden ned til ca 2000 dyr. Minstearealet haldast på same nivå som i fjor og er 1,25 km². For nordområdet er fordelinga 5% frie dyr, 15% simle/ungdyr, 30% simle og 50% kalv. For sørområdet er fordelinga 6% frie dyr, 14% simle/ungdyr, 30% simle og 50% kalv.

Ikkje skyt merka bukkar og simler! Det går fleire simler og nokre bukkar med GPS-sendar i Setesdal Ryfylke. Merkinga gjev god informasjon om dyras bruk av området gjennom året, og hjelper oss å finna dyra under teljingar. Data som samlast inn skal brukast i det pågåande GPS-merkeprosjektet. Prosjektet har som mål å auke villreinenens bruk av Setesdal Ryfylkeheiene. Utanom jakttid, sjå dyras posisjon på www.dyreposisjoner.no

Innsamling av kjevar: Ver nøye med reingjering av kjeve (ikkje pakk dei inn i plast). Vi ber om korrekt utfylling av kjevelapp, her trengs det forbetring. Desse data vert nytta i det vidare arbeidet med forvaltninga av villreinen. Kjevelengder er ein viktig indikator på dyras kondisjon. Veg dyra slik at vi får rett slaktevekt. Kassar med informasjon og vekt er sett opp på innsamlingsplassane:

Suldal: Roalkvam & Øvre Moen
Bykle: Helikopterplassen & Veggen til Store Urar & Berdalsbru Fossebu i Njardarheim
Sirdal: Fjellbutikken i Suleskar & Roskreppdammen
Valle: Industriområdet

Kontrollkort skal leverast rettighetshavar umiddelbart/så fort som mogeleg etter endt jakt. For sein innlevering er ei utfordring kvart år. Vi ber jegerane om å bli flinkare til dette. Korrekt utfylling og rapportering er viktig for forvaltningsarbeidet. Vi ber også om at nøyaktig fellingsstad og fellingskommune blir merka på kontrollkortet. Forvaltninga treng betre data på dette, mellom anna for betre kartlegging i samband med måtsetjinga om auka arealbruk.

Villreinlaget har godt samarbeid med SNO lokalt i regionen, mellom anna i registreringsarbeid og gjennom innleiing av deltidsoppsyn.

Villreinområder med aktuelle telefonnummer til Statens naturoppsyn, for nærare informasjon knytt til innhaldet i denne foldaren

Hardangervidda, Nordfjella, Setesdal/Ryfylke, Setesdal Austhei, Norefjell/Reinsjøfjell, Brattefjell/Vindeggen, Blefjell, Våmur/Roan, Fjellheimen, Lærdal/Årdal, Oksenhalvøya:

Oppsynssentralen Skinnarbu 815 32 450 (kl 08.00-19.00)

Forollhogna, Tolga Østfjell, Sølknletten:
Statens naturoppsyn, Erik Ydse: 480 51 578
Berit Broen: 476 57 803

Ottadalsområdet:
Statens naturoppsyn, Per Olav Haugen: 970 57 213
Esben Bø: 957 22 733
Øyvind Angard: 917 33 365
Thomas Rødstøl: 915 47 617

Skaulen/Etnefjella:
Statens naturoppsyn, Reidar Johan Sandal: 908 77 844

Sunnfjord, Svartebotnen, Førdefjella, Vest Jotunheimen:
Statens naturoppsyn, Esben Bø: 957 22 733
Rigmor Solem: 959 65 158

Snøhetta, Knutshø, Rondane:
Statens naturoppsyn, Arne Johs Mortensen: 480 73 752
Finn Bjormyr: 481 13 674
Ola Eirik Bolme: 948 17 988

Politiet: 02800

www.naturoppsyn.no
www.politiet.no
www.villreinen.no

Foldaren er utarbeida av Statens naturoppsyn
TE 1264

Oppdatert 2016. Layout: Reklamemakeriet - Rødberg

Villreinjakt 2016

Setesdal Ryfylke



Foto: Reidar Johan Sandal



Ditt ansvar som jeger

Ditt ansvar som jeger

Villreinjakt i Noreg har ein lang og sterk tradisjon. Jakta går ofte føre seg på større flokkar av dyr, og med fleire jegerar i same området. Det kan vera krevjande å få til ei sikker og human jakt. Det kviler difor eit stort ansvar på kvar einskild jeger for at alt skal skje på ein god måte. Det er oppretta oppsynsordningar i dei aller fleste villreinområda i landet. Ansvaret for villreinjakt oppsynet ligg hjå Statens naturoppsyn og politiet, som samarbeider med villreinutvala og lokale oppsynsordningar. Dei viktigaste oppgåvene til oppsynet er å gje informasjon og rettleiing, og ved å vera tilstades i terrenget, førebyggja uheldig jaktutøving.

Naudsynte papir du skal ha med under jakt

- Godkjent skyteprøve.
- Betalt jegeravgift.
- Våpenkort/utlånserklæring.
- Kontrollkort med påført valdansvarleg og jeger sitt namn.
- Eventuell overgangs-/samjaktavtale med andre vald.
- Eventuell jaktlagsavtale på statsallmenning.

Forskrift om utøvelse av jakt og fangst § 4

Kontrollkortet er å rekne som forskrift. Les nøye på kortet om bruken av det:

- Kontrollkortet skal vera med under jakt, og det skal vera påført valdansvarleg og jeger sitt namn for å vere gyldig.
- Før transport av felte dyr frå fellingsstad tek til, skal ein skjera kortet/kjötmerkelappen med rett dyr og dato, og festa kjötmerkelappen på dyret/kjötet.
- Dyr/kjöt som vert lagt att i terrenget over natta, skal alltid vera merka med kjötmerkelapp.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 30

All jakt krev god førebuing

For at du skal vera skikka til å skyta på vilt, må du trenast regelmessig før jakta startar. Trening gjer deg fortruleg med jaktvåpenet ditt, sikrar at våpenet vert rett innskote, og du vert betre til å skyta. Det er heilt avgjerande at våpenet vert skote inn med same type ammunisjon som vert nytta på jakt.

Du kan t.d. skyta inn rifla på 100m, med middeltreffpunktet frå 4-7 cm over sentrum. Dette gjer at dei aller fleste normalkaliber (6,5x55, 308W, 30-06 osv.) kan nytta same siktepunkt på alle ansvarlege skyteavstandar på villreinjakt.




Foto: Knut Nylend

Jaktutøving



Foto: Terje Kvalvik

Viltlova §19:

Jakt og fangst skal utøves på slik måte at viltet ikke utsettes for unødige lidelser og slik at det ikke oppstår fare for mennesker eller husdyr eller skade på eiendom.

- Skrem ikkje dyra unødig.
- Skyt aldri på dyr i flokk. Skyt på dyr som står fritt. Hugs at dei fleste kaliber/kuler fører til gjennomskyting av villrein.
- Hugs sikker bakgrunn. Vatn, steinrøys og anna rikosjettgjevande terreng er ikkje sikker bakgrunn. Skyt aldri på dyr som står i silhuett.
- Skyt ikkje på lengre avstand enn du meistarar.
- Ikkje ta sjansar. Skyt helst på dyr som står i ro.
- Kontroller at våpen og siktemiddel til ei kvar tid er i orden.
- Legg aldri frå deg eit ladd våpen. Det er ein god regel å ta ut sluttstykke ved lagring på til dømes hytter.

For at alle skal få ei god oppleving, er det og viktig å ta omsyn til andre jegerar og brukarar av fjellet.

Informasjon om CWD

Sjukdommen chronic wasting disease (CWD) vart påvist på ein villrein i Nordfjella våren 2016. I dette området er det sett i verk særleg oppfølging. CWD er dødeleg for dyret, og smittar mellom hjortedyr. Det er ikkje kjent at sjukdommen smittar til andre artar, eller til menneske. Symptom er blant anna avmagring og unormal oppførsel.



På www.miljodirektoratet.no/cwd finn du meir og oppdatert informasjon om CWD og jakt. Her vil du også finne lenker til Mattilsynet og Veterinærinstituttet sin informasjon om CWD.

Kjeveinnsamling

I enkelte av villreinområda er der innsamling av kjevar frå felt rein. Kjevelappen er frå og med 2014, ein del av kontrollkortet. Der det er slik innsamling, kan oppsyn/villreinutval gje informasjon om innsamlingsstasjonar.

For å sikra gode data må du:

- Passe på at verken framtenner eller bakre del av kjeven er skadde.
- Reingjera kjeven best mogeleg.
- Tørka kjeven best mogeleg.
- Ikkje pakke kjeven i plast.
- Vega dyret (slaktevekt).
- Vera nøye med utfylling av kjevelapp og festa denne godt til kjeven.



Foto: Peter C A Köller